

Tonje Lindås

Finittkategorien: Ein føresetnad for andrespråksinnlæring av norsk syntaks?

Bacheloroppgåve i NORD2311 Variasjon, struktur og teori: Norsk som andrespråk

Veileder: Kristin Melum Eide

Juni 2020

Tonje Lindås

Finittkategorien: Ein føresetnad for andrespråksinnlæring av norsk syntaks?

Bacheloroppgåve i NOR2311 Variasjon, struktur og teori: Norsk som andrespråk

Veileder: Kristin Melum Eide

Juni 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for en bedre verden

1.0. Innholdsliste

2.0.	<i>Innleiing</i>	2
3.0.	<i>Teori</i>	2
3.1.	Generativ andrespråksforskning.....	2
3.2.	Skilnaden mellom tempus- og finittkategorien	3
3.3.	Finittkategorien i norsk og engelsk.....	4
3.4.	Finittdistinksjonen i norsk som andrespråk	5
4.0.	<i>Metode</i>	6
5.0.	<i>Resultat</i>	6
6.0.	<i>Analyse og diskusjon</i>	7
6.1.	Plassering av setningsadverbial – det mest frekvente avviket	7
6.2.	Samanblanding av finitte- og ikkje-finitte former	8
6.3.	Andre kategoriar.....	10
6.3.1.	Imperativ for infinitiv	10
6.3.2.	Gerundiv – kva gjer ein når forma ikkje finst i målspråket?	11
7.0.	<i>Avslutning</i>	12
8.0.	<i>Kjelder</i>	14

2.0. Innleiing

Finittheit er ein grammatisk kategori som fungerer som referanse for mange syntaktiske reglar i norsk, til tross for at det også er ein abstrakt kategori som det kan vere vanskeleg å få grep om. Sjølv om ein meistarar skiljet mellom finitte- og ikkje-finitte verb, så har ein likevel ofte vanskar med å forklare kva finittheit er. «The notion of finiteness is used by everybody and understood by nobody» (Klein, 2006:245). Finittheit har tradisjonelt vore definert som kongruens og tempus, men Eide (2009:358) kritiserer nettopp dette synet fordi det ikkje fungerer universelt. Det vil seie at det ikkje gjeld for alle språk. Eide (2009:361) foreslår ein alternativ modell, der finittheit vert rekna som ein eigen kategori, som ikkje vert definert ut ifrå tempus og kongruens.

Finittkategorien ser ut til å vere langt meir betydningsfull for norsk syntaks, enn han er for engelsk. I det norske språket har vi ein produktiv morfologi for å uttrykke finittheit for alle verba, både hovudverb, hjelpeverb og modalverb. I engelsk derimot, har ein som regel ikkje morfologisk uttrykt finittheit (Eide, 2009:364). Dermed vil det vere rimeleg å forvente at innlærarar av norsk med engelskspråkleg bakgrunn vil ha vanskelegare for å bruke finittkategorien korrekt, enn dei vil ha med til dømes tempuskategorien, som også er sentral i engelsk.

Eg vil i denne oppgåva ta utgangspunkt i teori frå generativ andrespråksforskning, der ein har drøfta fleire modellar for korleis andrespråksinnlæring foregår. I denne oppgåva testar eg følgjande hypotese: *Dei strukturavvika som finst i datamaterialet eg skal undersøke, vil vere knytt til den morfosyntaktiske kategorien finittheit*. Hypotesa mi baserer seg på Jon Erik Hagen si hypotese frå ei undersøking i 2001. «De strukturavvik som kan påvises i norsk innlærerspråk, vil innebære brudd på regler som på en eller annen måte krever referanse til den morfosyntaktiske kategorien finittheit» (Hagen, 2001:52).

3.0. Teori

3.1. Generativ andrespråksforskning

Generativ grammatikk søker å skildre det grammatiske systemet, forklare korleis det er mogleg å lære språk og kvifor språkstrukturane er som dei er (Åfarli & Eide, 2003:15-16). Generativ grammatikk er UG-basert, noko som inneber at ein ser for seg at alle menneske har ei medfødd språkevne som vert kalla universalgrammatikken. Denne gjer det mogleg å lære språk (Åfarli, 2015:63). Universalgrammatikken er felles for alle menneske, men det finst likevel svært

mange språk. Eide og Busterud (2015:53) forklarer denne variasjonen ved å sjå på universalgrammatikken som eit brytarpanel. Brytarane på dette panelet representerer opne prinsipp som kan ta ulike verdiar i ulike språk. Brytarane står i ei nullstilling når vi vert fødd, og får si innstilling når vi vert utsett frå språkleg stimuli frå omgjevnadane. Det vil seie at brytarane vert innstilt etter norsk standard dersom barnet vert utsett for norsk stimuli. Slik kan vi forklare at nærmast alle born i verda lærer språk svært raskt, uavhengig av kva for språk det er.

Den generative andrespråksforskninga tek utgangspunkt i at når eit menneske skal lære seg eit andrespråk, så har det allereie utvikla ein internalisert grammatikk for morsmålet sitt, og det er eit omdiskutert spørsmål om universalgrammatikken er aktiv i innlæringa av eit andrespråk, og eventuelt i kor stor grad. Det finst fleire hypotesar for korleis dette heng saman, og i denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i ein blandingsmodell, der ein tek høgde for at både universalgrammatikken og transfer frå morsmålet spelar ei vesentleg rolle (Åfarli, 2015:17). Transfer er eit fenomen der ein andrespråksinnlærar bruker den internaliserte grammatikken sin frå morsmålet som eit verktøy for å lære seg målspråket (Åfarli, 2015:68).

3.2. Skilnaden mellom tempus- og finittkategorien

Når ein snakkar om finittkategorien, så vert gjerne symptoma på finittheit nemnd. Eit av desse symptoma er tempus. Tempus er i følge Faarlund, Lie & Vannebo (1997:20) ein kategori som fastsett tidspunkt for handlinga eller tilstanden som ei setning viser til. Dei held også fram at norsk har to tempus som kjem til syne ved bøyingsformene presens og preteritum, og at infinitiv ikkje har tempusbøyning (Faarlund et.al., 1997:470).

Eide (2012:57) tek til orde for at det ikkje berre er presens og preteritum som er tempusformer, men at alle verb er tempusbøyde i norsk. Ein verbsekvens inneheld like mange tempusbøyningar som verb, og snarare enn å seie at berre finitte verb har tempus, må ein lage eit skilje mellom ikkje-finitte og finitte tempus (ibid). Eide (2012:61) skriv at hovudskilnaden mellom dei tempusbestemte verbformene i norsk går mellom fortid og ikkje-fortid. Presensforma vert brukt om samtid og framtid, medan preteritumsforma vert brukt om fortid. Når det gjeld ikkje-finitte tempusformer, så vert det antatt at perfektum partisipp også detonerer fortid. Denne betydinga kjem av sjølve forma. Partisippendinga kan sjåast på som ei bøyingsending, og dermed vert også perfektum partisipp ei tempusform (Eide, 2012:62). Infinitivsforma vert som regel omtalt som ei ubøygd form i litteraturen, men Eide (ibid) reknar infinitiv som den infinitte presensforma. Infinitiven kan også uttrykke både samtid og framtid,

slik som presensforma. Dermed har også infinitivsforma ei tempusending. Eide (2012:63) sett tempusformene saman i ein tabell, og det vert tydeleg at kvar form har to trekk. Pluss/minus fortid og pluss/minus finittheit. Kvar verbform har eit tempusaffiks som detonerer en fortidsrelasjon eller ein ikkje-fortidsrelasjon.

	+ Finitt		- Finitt	
+ Fortid	Preteritum		Perfektum partisipp	
	Sterke verb	Svake verb	Sterke verb	Svake verb
	Sang	Likte	Sunget	Likt
- Fortid	Presens		Infinitiv	
	Sterke verb	Svake verb	Sterke verb	Svake verb
	Synger	Liker	Synge	Like

(Eide, 2012:64)

Eide (2009:385) hevdar at finittdistinksjonen ikkje består av tempus- og kongruenstrekk, og at han er ein eigen distinksjon som vert uttrykt i verbparadigme uavhengig av desse trekk. I tabellen over kjem det fram at tempus og finittheit er to ulike kategoriar.

3.3. Finittkategorien i norsk og engelsk

Hagen (2001:47) hevdar at finittkategorien ikkje er like viktig for syntaksen i engelsk som han er i norsk, og dette med god grunn. I norsk finst det ein produktiv morfologi for å uttrykke finittkategorien, men i engelsk opprettheld ein ikkje lenger skiljet mellom finitte- og infinitte hovudverb (Eide, 2016:125). Hjelpeverba *have* og *be* har fulle paradigme med både finitte og infinitte former, medan modalverba og hjelpeverbet *do* har berre finitte former (Eide, 2016:121). Finitttrekket er ujamnt fordelt mellom verb og hjelpeverb i engelsk, medan i norsk har alle verb fulle paradigme av finitte- og infinitte former. Engelsktalande har ein tendens til å blande saman preteritum og perfektum partisippformene. Denne tendensen har dei i følgje Eide (2016:123) også når dei skal lære seg norsk som andrespråk. Det ser ut til at det er noko i det engelske språket som triggjar samanblanding av desse formene, og Eide (2016:124) meiner at denne triggaren er mangelen på ein produktiv morfologi for å uttrykke finittdistinksjonen.

Eides tabell over gjeld for norsk, men ikkje for engelsk. Dei einaste verba som følger denne tabellen er hjelpeverba *have* og *be*. Dei engelske hovudverba vert bøygd etter tabell a), medan modalverba og hjelpeverbet *do* vert bøygd etter b).

Tabell a)

+ Past	Preterit/Participle
- Past	Present/Infinitive

(Eide, 2016:261).

Tabell b)

[+Past, +FIN]	Preterit
[-Past, +FIN]	Present

Eide (2016:263) argumenterer for at tapet av den morfologiske finittdistinksjonen for engelske hovudverb har gjort syntaksen i moderne engelsk veldig annleis enn før, og veldig annleis enn språka på fastlandet i Skandinavia.

3.4. Finittdistinksjonen i norsk som andrespråk

Hagen (2001:47) hevdar at finittkategorien er langt viktigare for norsk syntaks enn for engelsk, og at persepsjonen av denne kategorien er avgjerande for tileigninga av norsk som andrespråk. Finittdistinksjonen finst i både språka, men skiljet vert oppretthaldt i langt mindre grad i engelsk. Hagen (2001:52) har ei hypotese om at alle strukturavvik i norsk innlærarspråk kan knytast til finittkategorien. Med syntaktiske strukturavvik meiner Hagen (2001:45) avvik mellom performanse hjå informanten og dei normerte prinsippa for syntaktisk struktur i norsk. Hagen testa denne hypotesa og fann at lista over strukturavvik innlærarar av norsk med engelskspråkleg bakgrunn gjorde besto av framflyttingsinversjon, subjekttvang, plassering av setningsadverbial og kopulativang. I tillegg kom morfologiske mistak som også kunne sporast til mangelfull identifikasjon av finittdistinksjonen.

Framflyttingsinversjon er når ei setning vert konstruert med eit ikkje-subjekt først, og subjektet må stå etter det finitte verbet i setninga. I kanoniske setningar står det fremst. Denne regelen gjeld ikkje for engelsk (Hagen, 2001:52). Subjekttvang handlar om at alle norske setningar må ha eit subjekt. I norsk har ein ikkje-finitte setningar utan logisk subjekt, og dermed ser det ut til at subjekttvangprinsippet gjeld berre for finitte verbfrasar. Setningsadverbialet i norsk skal stå bak det finitte verbet i norske hovudsetningar, men foran i undersetningar (Eide, 2015:168). Kopulativang handlar om at ein må ha eit verb som har predikativledd som obligatorisk komplementærledd, og som ikkje har semantisk innhald (Hagen, 2001:55). Til slutt nemner også Hagen (2001:56) morfologiske mistak som kan sporast til mangelfull identifikasjon av finittdistinksjonen. Det kan t.d. vere samanblanding av preteritum og perfektum partisipp.

4.0. Metode

Til denne oppgåva har eg henta data frå *Norsk andrespråskorpus*. Dette er eit nettbasert korpus for norsk som andrespråk som gjer det mogleg å kople språkdata og persondata saman. Korpuset består av utdrag som er samla og ordna i etterkant av produksjoen. Dette gjer at det ikkje er fare for at t.d. ein forskar kan påverke resultatane, fordi produsentane på produksjonstidspunktet ikkje veit at tekstane deira ikkje skal brukast til noko, og enn mindre kva dei skal brukast til (Johannesen, 2003:141-148). Dataa som finst i dette korpuset er stort sett produsert av innlærarar av norsk som tek språkprøvar. Eg har med andre ord ikkje gjort eit eget feltarbeid, men brukt data som allereie er samla inn i eit digitalt korpus. Dette er ein vanleg måte å skaffe data på innanfor språkvitskapen, og svært gunstig i dette tilfellet, på grunn av oppgåva sitt omfang.

Eg har tatt for meg fem tekstar frå *Norsk andrespråskorpus* som er produsert av innlærarar av norsk med engelsk som morsmål. Tekstprodusentane har ein språkbakgrunn der finittdistinksjonen ikkje spelar ei stor rolle. Tekstane er tilfeldig valt ut. Det vil seie at eg ikkje har tatt omsyn til kva for avvik som finst i dei ulike tekstane, berre at dei er skrivne av innlærarar av norsk med engelskspråkleg bakgrunn. I desse tekstane er alle avvik markert, men eg har berre konsentrert meg om syntaktiske strukturavvik. I følgje Hagen (2001) kan alle strukturavvik i slike tekstar oppsummerast i kategoriane framflyttingsinversjon, subjektvang, plassering av setningsadverbial, kopulativang og eventuelle morfologiske mistak. Han meiner at alle desse avvika er knytt til finittkategorien. Dersom dette er riktig, vil også avvika eg finn i datamaterialet mitt kunne plasserast inn i desse fem kategoriane. Finn eg avvik som ikkje passar inn i desse, vil ei utgreiing av kva for avvik det er og om det har samband med finittdistinksjonen vere på sin plass. Desse funna er viktige for å sjå om det finst evidens for hypotesa mi eller ikkje. I likskap med Hagen (2001) har eg ikkje inkludert kategorifeil og eventuelle avvik når det gjeld leksikalske ord i analysen.

5.0. Resultat

I analysen av dei fem tekstane finn eg totalt 40 strukturavvik. 32 av desse passar inn i dei fem avvikstypene som Hagen (2001) skisserte. Det vil seie at minst 32 av 40 avvik er knytt til finittkategorien. Ser ein på universalgrammatikken som eit brytarpanel, som Busterud og Eide (2015:53), så kan vi her sjå for oss at finittkategorien er ein eigen parameter som har ein eigen brytar på panelet. Informantane har engelskspråkleg bakgrunn, og brytarane deira har dermed

engelsk innstilling. Det vil seie at når dei no skal lære norsk, så er finittparameteren innstilt etter engelsk standard, og dermed vert det utfordrande når den norske parameteren for finittheit har ei anna innstilling.

Dei mest høgfrequente avvika er plassering av setningsadverbial og morfologiske mistak der tekstprodusentane blandar saman presens og infinitiv. I tillegg er det åtte avvik som ikkje umiddelbart passa inn i Hagen sine fem kategoriar.

Kategori		Antall
Andre kategoriar		8
Framflyttingsinversjon		3
Plassering av setningsadverbial		13
Subjekttvang		2
Kopulatvang		0
Morfologisk mistak	Samanblanding av infinitiv og presens	12
	Samanblanding av preteritum og perfektum partisipp	2

I analysedelen vil eg ta for meg dei mest høgfrequente avvika, som gjekk på korrekt plassering av setningsadverbial og morfologiske mistak, der informantane særleg blanda saman presens og infinitiv. I tillegg vil eg ta for meg dei avvika som ikkje passar inn i dei fem kategoriane, undersøke kva dei kan kome av, og om dei kan koplast til finittkategorien eller ikkje.

6.0. Analyse og diskusjon

6.1. Plassering av setningsadverbial – det mest frekvente avviket

I tabellen over ser vi at korrekt plassering av setningsadverbial er noko av det som produsentane oftast gjer mistak på. I norsk skal setningsadverbial stå bak det finitte verbet i hovudsetningar, og foran i undersetningar. Korrekt identifikasjon av det finitte verbet er altså essensielt. I engelsk kan berre modalverb og hjelpeverb stå til venstre for eit setningsadverbial, medan hovudverb held seg til høgre for desse (Eide, 2016:134). Her ser det ut til at skiljet mellom hjelpeverb og hovudverb er viktigare for plasseringa av setningsadverbial enn finittkategorien.

Informantane har oftare avvik når det gjeld plassering av setningsadverbial i undersetningar enn dei har i hovudsetningar. Ei mogleg forklaring kan vere at informantane har

lært seg plassering av setningsadverbial i hovudsetningar, og dermed overgeneraliserer regelen til å gjelde også for undersetningar.

- 1) *Mobilen er nå så inngrodd i kontorlivet at det er mange som kan ikke tenke seg å leve uten**
- 2) *Det er mange som ikke kan tenke seg å leve uten mobilen.*

I døme 1) over ser vi at informanten har plassert setningsadverbialet *ikke* bak det finitte verbet *kan* i undersetninga. Dette er altså i tråd med regelen som gjeld for norske hovudsetningar, og hadde informanten gjort denne plasseringa i ei hovudsetning som i 2), så hadde ho vore grammatikalsk.

Ein anna ting som er verdt å nemne er at 9/13 tilfelle inneber negasjon. Negasjonsmarkeringa i norsk er slik at ein bruker adverbet *ikkje/ikke*, og dette vert distribuert omtrent på same vis som andre setningsadverbial (Eide, 2009:379). I den syntaktiske analysen, er den norske negasjonen adjungert inn. I engelsk derimot, vert negasjonen markert med ein eigen projeksjon med ein eigen kjerne (Carnie, 2012:54). *Not* i engelsk er ikkje eit adverb, og oppfører seg dermed annleis enn det norske nektingsadverbet. Ein anna årsak til at såpass mange av avvika har med negasjon å gjere, er at det er eit høgfrekvent ord. Høgfrekvente *ikkje/ikke* førekjem langt oftare enn mange andre setningsadverbial, og dermed er det også naturleg at det er fleire avvik som inneheld negasjon.

6.2. Samanblanding av finitte- og ikkje-finitte former

I resultatane mine finn eg heile 14 tilfelle av det som Hagen (2001) kategoriserer som morfologiske mistak med bakgrunn i mangelfull identifikasjon av finittdistinksjonen. Eg finn to tilfelle av samanblanding av preteritum og perfektum partisipp, og tolv tilfelle av samanblanding av infinitiv og presens. Det ser med andre ord ut til å vere vanskelegare å skilje mellom presens og infinitiv enn det er å skilje mellom preteritum og presens perfektum.

- 1) *Man må husker at begge to er viktig**
- 2) *De har fått toppstillinger men, i mange tilfeller, måtte gi opp tanker om mann og barn**

I 1) ser vi at informanten bruker presensforma av verbet *huske* i staden for infinitivsforma, og dermed vert setninga ugrammatikalsk. I 2) har informanten brukt preteritumsforma av verbet

måtte i staden for perfektum partisippforma. Dataa inneheld berre eit avvik som kan tenkjast å innehalde samanblanding av +/- fortid, og heile 14 tilfelle der informantane blandar +/- finitt. Resultata er dermed i tråd med det ein kunne forvente ut ifrå Eides (2016) teori om finitttheit. Ho hevdar at tempus og finitttheit er to ulike kategoriar, og det vert underbygd her. Produsentane evner å oppretthalde skiljet mellom fortid og ikkje-fortid, og meistrar slik sett tempuskategorien. Det dei ikkje får til, som gjer at det vert avvik, er skilnaden mellom finitte og ikkje-finitte former. Eide (2016:143) skriv at dette skiljet er svært vanskeleg å lære for andrespråksinnlærarar av norsk som snakkar engelsk frå før.

Hagen (2001:51) held fram at skiljet mellom infinitiv og presens vert langt meir konsekvent åtskild i norsk enn i engelsk. I norsk ender presensformene på -r, medan infinitivformene ikkje har denne endinga. Finittkategorien spesifiserer endinga når tidsreferansen ikkje er fortidig. I engelsk er det berre tredjeperson eintal i presens som har ei form som skiljer seg frå infinitiv, og det er dermed eit litt annleis system enn i norsk. Eide (2016:128) bruker det engelske verbet *like* som døme. Forma *like* kan verre mellom anna ein infinitiv, ei presensform og ei imperativform. Forma *likes* vert berre nytta som presensform for tredjeperson eintal. Infinitivforma og presensforma er dermed stort sett lik for engelske verb, og då er det ikkje rart at innlærarane av norsk ikkje greier å skilje desse to formene i norsk heller.

Eide (2016:123) hevdar at samanblanding av preteritum og perfektum partisipp i engelsk vert triggja av mangelen på ein produktiv morfologi for å markere finittdistinksjonen, og at dette fenomenet gjeld også når dei skal lære seg eit andrespråk. I mitt datamateriale er det berre to tilfelle av samanblanding av preteritum og perfektum partisipp.

- 1) *De har fått toppstillinger men, i mange tilfeller, måtte gi opp tanker om mann og barn**
- 2) *Men mye forstyrrelse kunnet vært unngått**

I 1) har innlæraren brukt preteritumsforma *måtte* i staden for *måttet* som er forma for perfektum partisipp. Også her ser vi at informanten har orden på skiljet mellom fortid og framtid, men blandar mellom finitte- og ikkje-finitte former. *Måtte* er eit modalverb i norsk, og alle norske modalverb har fulle paradigme. Informanten har brukt den finitte fortidsforma heller enn den ikkje-finitte. Dette kan tenkjast å vere transfer frå engelsk, sidan engelsk ikkje har infinite former av modalverba. Ein konstruksjon som til dømes *have must** vert ugrammatisk. I 1) bryt også informanten subjektkravet i norsk. Alle norske finitte setningar må ha eit subjekt,

men her manglar subjektet i undersetninga. Ein plausibel rekonstruksjon kunne ha vore «De har fått toppstillinger, men de har i mange tilfeller måttet gi opp tanker om mann og barn». I 2) bruker informanten tre infinitte former etter kvarandre. Setninga vert ståande utan finitt verb, og vert dermed ugrammatikalsk. Informanten bruker den infinitte perfektum partisippforma av modalverbet *kunne*, der det hadde vore korrekt å bruke den finitte preteritumsforma. Også her greier informanten å skilje mellom fortid og framtid, men ikkje mellom finitt- og ikkje-finitt form.

Heile ti av fjorten mistak er gjort i bøyinga av eit hovudverb. Sidan engelsk ikkje skiljer mellom finitte- og ikkje-finitt former av hovudverba, så er det ikkje overraskande at det er vanskeleg å lære dette skiljet i målspråket. Norske hovudverb varierer når det gjeld +/- finittheit og +/- fortid, medan engelske hovudverb berre har ulike former for +/- fortid.

6.3. Andre kategoriar

6.3.1. Imperativ for infinitiv

I mine data fann eg fire avvik som kan seiast å vere morfologiske, men som ikkje er samanblanding av presens og infinitiv eller preteritum og perfektum partisipp. Informantane ser ut til å ha brukt berre stammen av infinitiven i ein del verb der det skulle ha vore ei infinitivsform. I norsk tilsvarende som regel denne stammen ei imperativform, for i norsk er imperativformene noko annleis enn infinitivformene. Imperativen består som regel berre av stammen av infinitiven, som i til dømes *å like* vs. *lik det!* (Eide, 2016:128). I engelsk er imperativforma og infinitivforma som regel lik (ibid). Sjå døme på bruk av formene i tabellen under, med infinitiv til venstre og imperativ til høgre.

<i>To use a phone</i>	<i>Use your phone!</i>
<i>To marry someone</i>	<i>Marry him!</i>
<i>I want to call my mom</i>	<i>Call her!</i>
<i>To send a text</i>	<i>Send the text!</i>

Imperativ vert som regel rekna som ei finitt verbform utan tempus (Faarlund et.al., 1997:468). Dermed kan det sjå ut til at informantane bruker ei finitt form der det krevjast ei infinitt form, og at også denne typen avvik kan knytast til finittkategorien. Det er ingenting som tydar på at informantane hadde ein intensjon om å bruke imperativforma for å danne bydesetningar. Tvert i mot, ser det ut til at dei har meint å bruke infinitivforma, men at dei ikkje har oversikt over

at denne er ulik imperativsforma i norsk. Ei plausibel forklaring på fenomenet i desse tilfella, vil dermed vere transfer frå engelsk. Sidan engelsk ikkje har nokon skilnad mellom imperativsformene og infinitivsformene, så kan det vere at informantane berre har overført denne strukturen til sitt norske andrespråk. Døme på slike avvik frå mitt datamateriale:

- 1) *Det går forttere og ring når som helst i bilen, hjemme eller send en tekst melding vist det er en kort beskjed**
- 2) *Det er vanskelig å si at det skulle være regler om hvor man kan bruk mobilere**
- 3) *Det er også ikke aktuelt å ha regler om når man kan bruk mobiltelefon**

6.3.2. Gerundiv – kva gjer ein når forma ikkje finst i målspråket?

Gerundiv er ei form som finst i engelsk som mellom anna må brukast når eit verb kjem etter ein preposisjon (Duffley, 2006:16). Forma ser ut som ein presens partisipp, og ender i engelsk på -ing. I setningane a) og b) under, ser ein to avvik frå dataa.

- a) *Etter å studere vil de begynne å jobbe med en gang for å praktisere hva de har lært**
- b) *De kvinnene kan være redd at de klarer ikke å jobbe etter å vært borte fra jobben i et år**

Desse avvika kan ein sjå i samband med gerundivsforma i engelsk, eller snarare fråværet av ho i norsk. I norsk har ein nemleg ikkje ei slik form, og i posisjonar der ein typisk brukar gerundivsforma på engelsk, så krevjast det ei samansett verbform for å uttrykke tilsvarande på norsk. I døma c) og d) under, ser vi ein mogleg produksjon av same setning, men omsett til engelsk.

- a) *After studying, they want to start working immediately to practice what they have learned.*
- b) *These women might be afraid that they can't work after being away from work for a year*

For å få setningane til å verte grammatikalske på norsk, så krevjast infinitivsforma av hjelpeverbet *ha* og partisippforma av hovudverbet. Ein mogleg innføddlik rekonstruksjon av a) kan til dømes vere «Etter å ha studert, vil de begynne å jobbe med en gang for å praktisere det de har lært». Ei plausibel forklaring på desse avvika vil også kunne vere transfer frå engelsk.

Når gerundivsforma ikkje er tilgjengeleg i målspråket, så er det ikkje rart om innlærarane av norsk produserer infinitivsforma i slike posisjonar i norsk. *Å ha* er eit perfektivt hjelpeverb, som krevjar at verbet som kjem etter har perfektum partisippform (Åfarli & Eide, 2003:141). Både desse tilfella er infinitivsetningar, og det er slikt sett ikkje eit krav at setninga skal innehalde eit finitt verb. Dermed ser det ut til at desse avvika kan kategoriserast som transfer frå førstespråket, og ikkje eit avvik som førekjem på grunn av manglande evne til å skilje mellom +/- finittheit.

7.0. Avslutning

Fokuset for denne oppgåva har vore sambandet mellom strukturavvik i andrespråkstekstar skrive av innlærarar av norsk med engelskspråkleg bakgrunn og den morfosyntaktiske kategorien finittheit. Eg har gått igjennom fem tekstar frå *Norsk andrespråkskorpus* og tatt for meg dei syntaktiske strukturavvika i dei. Avvika har eg sortert etter Jon Erik Hagens (2001) fem kategoriar så langt det var mogleg, i tillegg til at eg har gått igjennom dei avvika som ikkje passa inn i kategoriane.

32/40 avvik passa inn i avvikskategoriene som Hagen skisserte i si undersøking, der han også viste at desse avvika var knytt til finittkategorien. Dette inneber at også 32/40 av avvika i mitt materiale er knytt til finittkategorien. Dette tilsvarer 80 prosent. Særleg hyppig forekomst var det av feil plassering av setningsadverbial og morfologiske mistak knytt til samanblanding av presens/infinitiv og preteritum/perfektum partisipp. Seks av dei resterande åtte avvika har eg gått igjennom over, og dei ser i større grad ut til å vere knytt til transfer enn finittkategorien. Informantane hadde fire tilfelle der dei brukte ei imperativsform i ein posisjon som krevjar infinitivsforma. Dette ser ut til å vere transfer frå engelsk, der infinitiv- og imperativsformene ser like ut. Imperativsforma vert som regel rekna som ei finitt verbform, og dermed bruker informantane ei finitt form, der det krevjast ei infinitt verbform. Dermed kan ein nok også kategorisere desse mistaka som morfologiske avvik knytt til finittkategorien. Informantane hadde i tillegg to tilfelle der dei har brukt infinitiv i posisjonar der syntaksen krevjar ei samansett verbform. Desse avvika kan forklarast som transfer, ettersom ein i desse posisjonane på engelsk hadde brukt gerundivforma som ikkje finst i norsk. Desse to avvika kan ikkje knyttast til finittkategorien, og ser dermed ut til å vere ei overføring av strukturen frå morsmålet. Til slutt er det to avvik eg ikkje har gjennomgått. Sjølv om også desse avvika var interessante, har eg valt å ikkje gjennomgå dei i analysedelen. Eg har heller valt å bruke meir plass på meir

frekvente avvik på grunn av oppgåvas omfang. Dei er likevel kategorisert i vedlegget der alle avvika er samla, merkt av og kategorisert.

For å oppsummere, så finst det i stor grad belegg for hypotesa *Dei strukturavvika som finst i datamaterialet eg skal undersøke, vil vere knytt til den morfosyntaktiske kategorien finittheit*. Heile 36/40 strukturavvik kan på ein eller anna måte knytast til finittkategorien. Resterande av dei gjennomgatte avvika ser ut til å vere eit resultat av transfer. Ein svært stor andel av dei syntaktiske strukturavvika i andrespråkstekstar produsert av innlærarar av norsk med engelskspråkleg bakgrunn kan sjåast i samband med finittkategorien, men det vil vere hensiktsmessig å ta høgde for at det vil kunne oppstå avvik som må koplant til transfer frå morsmålet i tillegg.

8.0. Kjelder

Carnie, A. (2012). *Syntax: A generative introduction* (Vol. 16). John Wiley & Sons.

Duffley, P. J. (2006). *The English Gerund-Participle*. New York: Peter Lang.

Eide, K. M. & Busterud, G. (2015). Kompetanse og performanse: kunnskap og produksjon. I K. M. Eide (Red.), *Norsk andrespråkssyntaks* (s. 19-54). Oslo: Novus Forlag.

Eide, K. M. (2016). Finiteness, inflection, and the syntax our morphology can afford. I K. M. Eide (Red.), *Finiteness Matters. On finiteness-related phenomena in natural languages*. Jon Benjamins Publishing Company.

Eide, K. M. (2009). Finiteness: The haves and the have-nots. *Advances in Comparative Germanic Syntax*.

Eide, K. M. (2012). Om tempus og aspekt i norsk. *Grammatikk, bruk og norm. Festskrift til Svein Lie på 70-årsdagen, 15. april 2012*.

Eide, K. M. (2015). Tilegnelse av verbale kategorier. I K.M. Eide (Red.), *Norsk andrespråkssyntaks* (s. 135-195). Oslo: Novus Forlag.

Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hagen, J. E. (2001). *Finittkategoriens kritiske karakter i norsk som andrespråk*. Universitetet i Bergen.

Johannesen, J. B. (2003). *På språkjakt*. Oslo: Unipub forlag.

Klein, W. (2006). On finiteness. I V. van Geenhoven (Red.), *Semantics in Acquisition*. Nijmegen: Springer.

Åfarli, T. A. & Eide, K. M. (2003). *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus forlag.

Åfarli, T. A. (2015). UG-basert andrespråksteori og syntaktisk struktur. I K. M. Eide (Red.), *Norsk andrespråksyntaks* (s. 59-93). Oslo: Novus forlag.

